



NTL NAV

Innspel til høyringssvar til heilskapleg gjennomgang av honorarsystem for frilanstolkar

Rapporten omtaler frilanstolkane sin rolle og skriv at NAV er avhengig av frilanstolkane for å kunne dekke tolkebrukarane sitt behov. Vidare står det i rapporten at bruken av frilanstolkar gir NAV ein større fleksibilitet enn det dei har gjennom dei faste tilsette tolkane. NTL kan ikkje la dette stå uimotsagt.

Vi er grunnleggande ueinige i premissa for desse påstandane. NAV har *gjort seg* avhengige av frilanstolkane over tid gjennom å la underbetalte såkalla oppdragstakarar dekke størsteparten av tolketimane ([72% i 2022](#)). Og som seksjonsleiar i AV-direktoratet, Jan Erik Grundtjernlien, sjølv skreiv til [FriFagbevegelse](#) tilbake i 2020; «Det er ingen faglig begrunnelse fra Nav som ligger bak at en så stor del av tolkeoppdraga dekkes av frilanstolker». Vidare bekreftar Grundtjernlien at det er økonomiske grunnar for at frilansbruken er så høg, som han sjølv skriv, det er mykje billigare for NAV å bruke frilanstolkar enn tilsette tolkar. I tillegg til at frilanstolkane er billigare i kroner og ører, så lønast dei over stønadsbudsjettet frå Folketrygda og ikkje driftsbudsjett i NAV. NAV let dermed [lovfesta rettigheter](#) til døve, høyrselshemma og personar med døvblindheit bli løyst på billegsal på bekostning av arbeids- og lønsvilkåra til faggruppa teiknspråktolkar.

Når det gjeld fleksibiliteten som frilanstolkane har i større monn enn dei tilsette tolkane i følgje rapporten, så spesifiserast det ikkje kva slags fleksibilitet det er snakk om. Frilansarar har jo ein større fridom i å takke ja til oppdrag, men i like stor grad å takke nei eller trekke seg på kort varsel. NAV har heller ingen styringsrett, og dermed kan ein like godt argumentere for minka fleksibilitet samanlikna med tilsette tolkar. Då er det nærliggande å tru at fleksibiliteten det visast til er på eit plan nærare sjølv gjennomføringa av tolkeoppdraga. I [frilanstolkrutina](#) til NAV står det at «frilantolkene er unntatt bestemmelsene i arbeidsmiljølova» og at frilanstolkane «kan jobbe så mye de har kapasitet til» (side 7). Dette praktiserast av NAV ved at det ikkje er uvanleg at dei lyser ut tilgjengelege tolkeoppdrag til frilanstolkane på varigheit til dømes 15 timar per dag i mange påfølgande dagar.

NTL har meldt dette inn som sak til NAV og vi har bedt om skriftleg grunngjeving frå NAV der dei belyser korleis arbeidsmiljølova og særskilt kapittel 10 om arbeidstid ikkje gjeld også for frilanstolkane. Dette sett i lys av presiseringar i [odeltingsproposisjon nr. 49 \(2004-2005\)](#) der arbeidsgjevars ansvar utvidast til å omfatte alle som utfører arbeid, uavhengig av arbeidsrettsleg status inkludert sjølvstendige oppdragstakarar. Per dags dato har NTL ikkje motteke svar frå NAV. Arbeidstakarbegrepet i arbeidsmiljølova er også foreslått utvida i følgje [proposisjon 14L \(2022-2023\)](#) og arbeidstakarstatus vil då leggest til grunn, med mindre oppdragsgjevar gjer det overvegande sannsynleg at det føreligg oppdragsforhald. Dette er presiseringar og foreslåtte endringar NTL meiner er sær relevant og interessant også for frilanstolkane si rettsstilling.

Postadresse
Møllergata 10
0179 OSLO



Organisasjonsnummer
991 481 745



Rettsstillinga til frilanstolkane som har hatt såkalla tilleggsavtalar med NAV har Sivilombodet gitt ei [vurdering](#) av, der frilanstolken fekk medhald i at avtalen var ein arbeidsavtale og ikkje ein oppdragsavtale. Dette var etter at kravet om feriepengar blei avvist av NAV. Etter vurdering frå ombodet og revurdering har NAV tatt eit prinsipielt standpunkt til saka og tilbydde 53 frilanstolkar fast stilling og har etterbetalt så langt 10,6 millionar kroner i feriepengar og forseinkingsrenter til så langt 137 frilanstolkar.

Den neste setninga kan verke påfallande innlysande, men avsnitta ovafor viser diverre at det er pinsamt naudsynt. Det er viktig at NAV følgjer dei grunnleggjande reglane i arbeidslivet og ser på kva som er rett grunnbemanning. Grunnbemanningslæra er utvikla i rettspraksis og slår fast at om det føreligg eit meir eller mindre konstant arbeidskraftbehov i verksemda, skal dette behovet dekkast med auka grunnbemanning av faste tilsette. I denne samanhenga er vilkåret som omhandlar tilknytingskravet spesielt interessant, og momenta varigheit for tilknytning og arbeidsomfang. Når NAV har vurdert arbeidskraftbehovet og eiga grunnbemanning, så kan og må det tilsettast i faste stillingar eit tilstrekkeleg tal teiknspråktolkar.

Når grunnbemanninga er på plass og NAV som arbeidsgjevar kan styre og planlegge bruk av ressursane som eit riktig tal tilsette tolkar utgjør, og nytte moglegheitene og verktøya i Hovudtariffavtalen i staten (turnus og arbeidsplanar til dømes). Først då kan vi vi sjå på svingingar i tolkebehovet som ikkje blir dekkja av dei tilsette, og i kva omfang vi treng ein arbeidskraftreserve i form av frilanstolkar. Tilknytingsforma må også reetablerast godt innanfor eikvar arbeidsrettsleg gråsone. Arbeids- og lønsvilkåra til frilanstolkane må dermed sjølvsagt også styrkast.

Rapporten tek føre seg ei rekke ulike utrekningsmåtar for grunnlag og parameter i tiltakspakkar. Målsettinga i følge rapporten er korleis honorarsystemet for frilanstolkar kan bli meir «rettferdig, forutsigbart og hensiktsmessig». NTL kjem ikkje til å kommentere i særskilt grad desse tinga, anna enn at vi støtter alle tiltak som gir frilanstolkane betre løns- og arbeidsvilkår. Vidare vil vi påpeike at det er urimeleg at som nyttilsett tolk for høyrselshemma i NAV tener du *minst* lønnstrinn 49 i hovudlønstabellen jf. [Personal- og lønnspolitikk i Arbeids- og velferdsetaten](#), medan som frilanstolk er same utdanning, på bachelors nivå no foreslått ein verdi av lønnstrinn 38 utan sosiale rettigheter.

NTL vil også uttrykke si skuffelse over at regjeringa og Arbeids- og inkluderingsdepartementet som gjennom Hurdalsplattforma skal styrke det trygge, seriøse og organiserte arbeidslivet i Noreg, lar dette skje i eigne rekker. Eit av måla i Hurdalsplattforma er å styrke rettigheter i arbeidslivet og «tilknytningsformer der hensikten er å omgå arbeidsgiveransvaret, skaper økte forskjeller i arbeidslivet og utrygghet for folk» ønskjer dei å koma til livs. Her må AID sjå til sin eigen etat, NAV, og rydde opp i denne systematiske utnyttinga av frilanstolkar som har føregått i stor skala over mange år.



NTL NAV

Rapporten ser på eit honorarsystem for frilanstolkane. Honorarsystemet slik det er i dag er håplaut utdatert og legitimerer underbetaling av frilanstolkane. Det må sjølvst rettast i, men som lesaren av dette høyringssvaret sikkert forstår, er NTL meir opptatt av det dysfunksjonelle og uanstendige systemet som frilanstolkane blir offer for og som NAV og AID er ansvarleg for. At dette har fått foregå så lenge i så utstrekkt grad er uforståeleg. Dette må det ryddast i, det er allereie på overtid.

Nina Åsbakk
Etatstillitsvalt NTL NAV

Cecilie Nornes
Leiar NTL NAV Hjelpemidler og tilrettelegging

Postadresse
Møllergata 10
0179 OSLO



Organisasjonsnummer
991 481 745